



Utv. saksnr.	Utval	Møtedato
11/2023	Formannskapet	16.03.2023
17/2023	Kommunestyret	30.03.2023
58/2023	Kommunestyret	28.09.2023

Revisjon av klima, energi og miljøplan for Vågå kommune 2023-2031 - fastsetting av planprogram og høyring og offentlig ettersyn av forslag til klima, energi og miljøplan for Vågå kommune 2023-2031

Vedlegg

- Forslag til planprogram – klima, energi og miljøplan
- Forslag til klima, energi og miljøplan
- Forslag til tiltaksdel – klima, energi og miljøplan
- Ein grøn tråd- energileiing

Saksframlegg:

Formannskapet vedtok i sak 34/2022 i møte 9.juni 2022 å varsle planoppstart for revisjon av klima og energiplan for Vågå kommune, jf. plan- og bygningsloven § 11-12. Planprogram for dette arbeidet vart samstundes lagt ut til offentlig ettersyn og høyring jf. plan- og bygningslova § 11 -13. Høyringsfrist vart sett til 15. september 2022. Det har kome uttale frå Statsforvalteren i Innlandet, Statens vegvesen, Vågå SV og naturvernforbundet i Ottadalen og Sel. Uttalene er sitert nedanfor og kommunedirektøren har kommentert innspela stutt.

Statsforvalteren i Innlandet

"Gjeldande kommunedelplan for klima og energi er frå 2011. Det er positivt og viktig at kommunen nå skal revidere klima- og energiplanen ut frå utfordringane knytt til klimaendringane med sterke behov for omstilling og kutt i utslepp, nye forsterka mål for utslepp, ny teknologi mv. Kommunen har valt ut relevante tema og utslippssektorer som skal handsamast i planen. Noreg skal omstillast til eit lågutsleppsammfunn. Vi tilrår difor at dykk i planen mellom anna legg vekt på kommunen sin rolle som samfunnsutviklar og grøn næringsutvikling. Omsyn til karbonrike areal bør også inngå i planen.

Skissert prosess ser bra ut, der kommunen legger opp til medverknad frå næringsliv, lag, organisasjonar, ungdom, samt forankring politisk og i ulike fagavdelingar i eigen organisasjon. Her kan kommunen dra nytte av arbeidsformer som er gjort i andre kommunar i Innlandet som arbeidsverkstader o.a.

Når kommunen etter kvart begynner å utarbeide sjølve plandokumentet vil vi understreke at det er viktig å innarbeide gode interne system for gjennomføring av tiltaksdelen med oppfølging av resultat. Det er difor bra at kommunen vil ta i bruk klimaregnskap og at tiltaksdelen vil bli kopla til økonomiplanen. Det er ei styrke om klima- og energiplanen koplast med andre planer som samfunns- og arealdelane til kommuneplanen og næringsplan.

Vi minner om at Miljødirektoratet har mye rettleiing på sine nettsider om prosess, tiltak, berekningar av utslepp o.a. til nytte i revisjonsarbeidet;

<https://www.miljodirektoratet.no/myndigheter/klimaarbeid/kutte-utslipp-av-klimaqaasser/>.

Vi ønsker lykke til med dette viktige arbeidet, og vi stiller gjerne på dialogmøte tidleg i arbeidet om dykk ønsker det."

Kommentar frå kommunedirektør:

Kommunedirektøren tek til etterretning innspel frå Statsforvalteren i Innlandet. Kommunedirektøren er samd i at det er viktig at kommunen tenker gjennom rolla si som samfunnsutviklar og omsynet til grøn næringsutvikling. Det har difor vore viktig å ha ei arbeidsgruppe der landbrukssjef og næringskoordinator, samt lokale representantar frå næringsliv og landbruk er representert. Omsynet til karbonrike areal har blitt trekt fram i planprogrammet. Det same har fokuset på at omsynet til klima og energi må vektleggjast tungt i alle arealplansakar.

Statens vegvesen

"Statens vegvesen si rolle i planlegginga:

Statens vegvesen skal sørge for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, vegnormalene og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar, blir ivareteke i planlegginga. Vi uttaler oss som forvaltar av riksveg på vegne av staten, og som statleg fagmyndigheit med sektoransvar innan vegtransport. Statens vegvesen har det generelle ansvaret for tilsyn med at trafikkikkerheit og framkommelegheit blir ivareteke i transportsystemet. Dette gjev oss rett til å stille krav til både statlege, fylkeskommunale og kommunale vegar, gater og løysingar for gåande og syklande.

Vårt innspel til planarbeidet:

For transportsektoren er det særleg pkt. 4 i Fokusområda som er viktig. Det omfattar stadutvikling, arealbruk og transport. Gjennom arealplanlegging – særleg i kommuneplanen sin arealdel - kan ein gjera prioriteringar som har verknader på klimaet. Til dømes at bustadområde blir lagt slik at det er enkelt og trygt for gåande og syklande å koma dit. Ein må unngå arealbruk som gjer at ein i praksis er avhengig av bil for å koma dit. I samband med utbygging av nye område må det byggast ut gang- og sykkelvegar. Det er også viktig å leggje betre til rette for gang og sykkel i område som alt er utbygt. Det kan vera vanskeleg å finne areal til det i bebygde område, men som eit tillegg eller alternativ til fullt utbygd gang- og sykkelveg, kan ein også legge til rette for heilårs bruk av turvegar.

I tettstader må det må leggjast til rette for parkeringsplassar med moglegheit for å lade elbilar og elsyklar.

Dersom ein skal få auka bruk av sykklar, må dei kunna låsast til faste sykkelstativ, som ligg nær reisemålet (skule, butikkar, arbeidsplassar.)"

Kommentar frå kommunedirektør:

Kommunedirektøren tek til etterretning innspel frå Statens Vegvesen. Kommunen held på med eit stadutviklingsarbeid for Vågåmo sentrum og det er viktig at omsynet til klima og klimatiltak blir integrert i dette arbeidet.

Naturvernforbundet i Ottadalen og Sel

"Vi ser med forventning på at Vågå kommune har startet arbeidet med å revidere kommunedelplanen for klima- og energi.

Vi vil anføre at det er nødvendig å tenke klima- og energi (heretter benevnt KE) i alle planprosesser og i alle ledd av den kommunale forvaltninga.

Planprogrammet har flere fokusområder, og noen områder gir langt større og alvorligere konsekvenser for KE enn andre, blant dem er kommunens arealforvaltning.

Kommunens forvaltning av arealer og alle planprosesser som omhandler areal, må ha KE-prinsipper og målsettinger som førende normer. Bruk og endring av areal har åpenbare og direkte konsekvenser for energiforbruk og utslipp av klimagasser.

En systematisk kartlegging av kommunens naturareal og naturressurser er derfor et avgjørende grunnlag og forutsetning for en god klima- og energiplan, og oppfølging av denne i konkrete tiltak.

Landbruk.

Som en av bærebjelkene i bygdas næringsliv, er landbruket en svært viktig medspiller for å oppnå KE-målsettinger. Mange av utfordringene må riktignok løses på et høyere politisk nivå, men noen tiltak kan løses på lokalt nivå. Det å ta vare på dyrka/dyrkbar mark, myr og våtmarksområder, og godt utmarksbeite er viktige tiltak i KE-sammenheng.

Vågå kommune bør vedta en nullvisjon for nedbygging av dyrka/dyrkbar mark og godt utmarksbeite. I denne sammenheng vil vi påpeke at det å tillate hyttebygging i Jettfjellet, i et godt og gårdsnært beiteområde, på ingen måte kan sies å være i tråd med god arealforvaltning og klima/energi-målsettinger.

Skogbruk.

Et KE-positivt skogbruk må bygge på en grundig kartlegging av skogsmiljø, og et hogstregime som ivaretar viktig naturmangfold. Flatehogst, markforbedring og gjødsling må ikke skje i viktige naturområder. Kommunen bør vedta meldeplikt for hogst, slik den har mulighet til, og videre etablere rutiner for vurdering av innmeldt hogst mot den nevnte kartleggingen.

Hyttebygging.

Hyttebygging er et sentralt tema i en klima- og energiplan. Byggebransjen står for en svært stor andel av klimagassutslippene, og hyttebyggingen sluker naturareal, naturressurser og krever store kraftmengder i lokal sammenheng, både i byggeperioden og ved bruk av høystandard fritidsboliger. Klima- og energiplanen vedtatt av Vågå kommune i 2011, viser at fritidsboliger stod for den største økningen i el-forbruk i tidsrommet 1997 – 2008. Dette har neppe endret seg siden den gang, og i 2022 vet vi mer enn noen gang konsekvensene av en utøylet hyttebygging for naturmangfoldet, klima og energisituasjonen.

Vågå kommune har en stor hyttetomtreserve (om lag 30 år), og framtidig utvikling av hyttetomter må skje som fortetting av eksisterende hyttefelt. Nye hytter må anlegges der det er etablert infrastruktur og tilknytning til hyttelivtilbud/fasiliteter, som til eksempel alpinanlegg, opparbeidede skiløyper og turstier og andre aktivitetstilbud beregnet på hyttefolk og turister.

Kraftkrevende industri.

Her vil vi stresse det faktum at Vågå kommune aktivt jobber for etablering av datasenter i bygda vår. Vi viser til vår høringsuttalelse til reguleringsplan på Lalm, en plan som skal legge til rette for et stort

datasenter i regi av Krefter AS. Et slikt senter vil ha et enormt kraftforbruk, uten noen garanti for samfunnsnyttene av dette konkrete senteret. I tillegg kommer det faktum at plasseringen på Lalm umulig kan legge til rette for utnyttelse av den store mengden spillvarme (tilsvarende om lag 90% av kraftforbruket) fra et datasenter i denne størrelsesorden. I vår tid med natur- og klimakriser, og utfordringer i forhold til kraft og strømpriser, er en slik industrietablering ikke i tråd med målene for Klima- og energiplanlegging.

ENØK

Kommunen bør styrke rådgivning til innbyggere og næringsliv om ulike muligheter og tilskuddsordninger for energiøkonomiserende tiltak. Det bør settes av kommunale midler til slike tiltak, og arbeides offensivt utad slik at innbyggere får den informasjonen og hjelpen de trenger til å iverksette tiltak og kunne nytte seg av ulike støtteordninger. Et konkret tiltak fra kommunens side kan være utlån av «varmekamera» for å sjekke boligen for varmetap, og eventuell gratis bistand til å undersøke boligen med tanke på behov for tiltak som etterisolering, rådgivning omkring varmpumper, etc. Kommunen bør bidra til en solcelle-satsing blant bedrifter og husstander i bygda. Dette vil bidra til en bedre energisituasjon i området, samtidig som det gir ekstra arbeidsplasser.

Miljøstasjonen

Vågå kommune bør fortsette å utvide innsamling av ulike typer avfall, samt kildesortering med tanke på optimalt gjenbruk av ressurser. Kommunen bør bidra til kompostering av organisk avfall, i stedet for at dette går i restavfallet. Det krever mye energi å forbrenne matavfall, så en ordning for dette bør prioriteres. Tilskudd til og informasjon om kompostering bør være noe kommunen kan tilby. Vi mener det er viktig å utvikle miljøstasjonen med tanke på gjenbruk av innleverte saker, møbler, materialer, etc. Miljøstasjonen i Vågå har tatt et lite skritt i riktig retning, men bør avsette større areal og mer ressurser til salg av gjenbrukbare ting og materialer. I tilknytning til miljøstasjonen kunne man også tenke seg et arbeidstiltak for reparering av sykler, møbler, enkelte elektriske artikler, m.m. Dette ville være vinn-vinn for både miljø/klima, lommebok og nyttig arbeidstrening.

Kollektive transporttilbud

Transport står for en stor andel av klimagassutslipp og annen forurensing. Selv om vi bor på bygda der privatbilen er en nødvendighet for de aller fleste, er det allikevel mulighet for og behov for kollektive transporttilbud. I stedet for at disse bygges ned og blir dårligere, bør kommunen bidra til å styrke dette tilbudet for innbyggerne.

Kommunen bør også oppfordre til (og kanskje premiere på et vis?) samkjøring til jobb, skole, møter og fritidsaktiviteter, her er et stort potensiale for å redusere privatbilismen.

Kommentar frå kommunedirektør:

Kommunedirektøren tek til etterretning innspel frå naturvernforbundet og vil i samband med planarbeidet sjå på innspela. Når det gjeld konkrete saker som går på arealbruk må dette behandlast ved revidering av kommuneplanens arealdel 2017-2027. Det er kommuneplanens arealdel som er det overordna plandokumentet for arealbruken, men innspel frå klima- og energiplan kan legge overordna føringar som kan innarbeidast i kommuneplanens arealdel når den blir revidert. Dette er ivareteken gjennom tiltaksdelen til klimaplanen.

Når det gjeld innspel som går på datasenter og energikrevjande verksemdar så er det auka fokus på energi i regional plan for klima, energi og miljø, utarbeidd av Innlandet fylkeskommune. Energi og energiforbruk har blitt meir og meir aktualisert med aukande straumpriser og mangel på energi i Europa og overføringskablar frå Noreg. Det er mellom anna i regional plan til Innlandet fylkeskommune peika på at nye eller etablerte bedrifter/verdikjeder må arbeide for å utnytte sidestrømmer og overskotsvarme. Det blir også peika på at Innlandet om få år vil ha underskot av energi samstundes som det er planlagt etablering av kraftkrevjande næring i fylket, som til dømes datasentre. Det er difor viktig å sjå heilskapen når slik sentre skal etablerast. Dersom ein ikkje klarar å

bruke spillvarmen når slik verksemder blir etablert vil verksemda ikkje vere i tråd med FNs berekraftsmål. Dette er noko som alle kommunar må ta innover seg, også Vågå kommune. Prinsippet om sirkulær økonomi gjeld også for energi.

Vågå SV

" Vågå SV har følgjande innspel til forslag til planprogram:

Til pkt. 4 – om arealbruk:

Endringar i bruken av areal fører til like store klimagassutslepp som forbrenning av olje, kol og gass. FN sitt klimapanel og naturpanel slår fast at verda står i to store globale kriser; tap av natur og klimagassutslepp. Det er to store årsaker til at vi har så store klimagassutslepp; det er klimagassutsleppa frå forbrenning av kol, olje og gass, og det er nedbygging av areal/natur. Over halvparten av dei menneskeskapte CO2-utsleppa i verda blir fanga opp av naturen. Den enklaste, mest effektive og billegaste måten å fange opp og lagre karbon på, er å ta vare på intakt natur. Det bryr vi oss lite om i jaget etter å tilfredse våre egne behov. Ved å bygge ned naturen bit for bit øydelegg vi altså ein del av løysinga. Tap av samanhengande naturområde, tap av biologisk mangfald og økosystem aukar dei negative effektane av klimaendringar. Om Innlandet fylke skal nå sine mål om å redusere utsleppa med 50% innan 2030, samt vere ein del av løysinga for Norge, må vi ta med arealendringar i rekneskapen. Kvar enkelt kommune må ta sitt ansvar, også Vågå.

Ein av landets mest kjente biologar, professor Dag O. Hessen, seier at å ta vare på naturen er sannsynlegvis den beste måten å takle klimaendringane på, ved sida av å kutte i utslepp. SV vil ha ein samla plan for bygging av hytter og fritidsbustader i Vågå, der vi konsentrerer bygging til dei områda som allereie er regulerte for det, og ikkje tek hol på nye natur- og beiteområde. Vi vil derfor arbeide for at planane med hytteområde i Jettlia blir stoppa, og at arealet blir attendeført som landbruks-, natur- og fritidsområde (LNF) i kommuneplanen."

Kommentar frå kommunedirektør:

Kommunedirektøren tek til etterretning innspel frå Vågå SV. Når det gjeld konkrete saker som går på arealbruk må dette behandlast ved revidering av kommuneplanens arealdel 2017-2027. Det er kommuneplanens arealdel som er det overordna plandokumentet for arealbruken, men innspel frå klima- og energiplan kan legge overordna føringar som kan innarbeidast i kommuneplanens arealdel når den blir revidert. Det er teke omsyn til dette ved utarbeiding av forslag til tiltaksdel til klima, energi og miljøplan.

Vurdering:

Det har gått over eit tiår sidan kommunen vedtok gjeldande kommunedelplan for klima og energi og det er på tide at planen blir revidert. I løpet av denne tida har kunnskapsgrunnlaget blitt oppdatert og meir omfattande. Innlandet fylkeskommune sin regionale plan for klima, energi og miljø vart sluttbehandla i fylkestinget i juni 2023. Da forslag til planprogram for Vågå kommune sin klima og energiplan var oppe til politisk behandling i kommunestyret i mars 2023 vart det vedteke å utsette saka til den regionale planen var vedteke. Fagområde måtte ta opp til drøfting dei same satsingsområde som den regionale planen. Dette er no gjort. Planen har endra namn til klima, energi og miljø. Det er også innarbeidd eit 6. punkt som heiter Natur- og kulturmiljø og naturmangfald. Forslag til planprogram er oppdatert og endringar i teksten frå førre behandling er vist med raud farge.

Generelt så har det blitt større fokus på *energi og miljø* ved utarbeiding av klimaplanar enn det var tidlegare. *Energi* var eit "gløymt" tema i mange år. Energi er stadig meir aktuelt, både produksjon, effektivisering og ombruk av energi, etter kvart som vi ser at heile Noreg vil ha energiknappheit i løpet av få år. Det er også aukande fokus på klimatilpassing etter kvart som vi får meir og meir ekstremver. Fokuset på miljøet er også heilt endra på nokre år. Nedbygging av natur bidreg til at mindre Co₂ blir fanga opp i naturen og tap av biologisk mangfald og økosystem aukar dei negative effektane av klimaendringane.

Formålet med klima, energi og miljøplan er å fastsette mål for Vågå kommune sitt klimaarbeid. Planen vil omhandle kommunen sitt arbeid for å redusere klimapåverknaden. Dei konkrete tiltak som ein kjem fram til skal fastsettast i planen. Intensjonen er at det kvart andre år skal utarbeidast ein eigen tiltaksdel som blir innarbeidd i kommunen sin økonomiplan. Kommunen vil også utarbeide klimaregnskap for eigen verksemd.

Det var i utgangspunktet vald ut fem hovudtema for revisjonsarbeidet, jf. liste under. Desse er justert noko etter at planprogrammet var på høyring og politisk behandling våren 2023. Det har blitt innarbeidd eit 6. punkt som heiter natur- og kulturmiljø og naturmangfald, som er samanfallande med Innlandet fylkeskommune sin regionale plan for energi, klima og miljø. Vågå kommune har delteke i eit kompetanseprogram i innovasjon der prosjektcase heiter: *Planverket vårt i praksis*. Målet er å få gode planprosessar der planar blir brukt som styringsgrunnlag og beslutningsgrunnlag også etter vedtak. Arbeidet med å revidere klima og energiplan har vore sentral i dette innovasjonsstudiet og det har difor blitt brukt mykje tid på innsiktarbeid i tidleg planprosess.

Føreslegne hovudtema ved revisjon av kommunedelplan for klima- og energi er:

1. Stadutvikling, arealbruk og transport
2. Forbruk, gjenvinning, ombruk og avfall
3. Klimavenlege anskaffelser
4. Klimasmart jordbruk og skogbruk og næringsliv
5. Energiforsyning og energibruk i bygg
6. Natur- og kulturmiljø og naturmangfald

I vedlagt forslag til planprogram er det gjort greie for formålet med planarbeidet, hovudtema ved revisjon, ansvar og organisering av planprosessen, medverknad og framdriftsplan. Kommunedirektøren tilrår at planprogram til kommunedelplan for klima- og energiplan blir vedtatt.

Etter at kommunestyret utsette fastsetting av planprogram i mars 2023 har det blitt utarbeidd forslag til klima, energi og miljøplan med vedlagt tiltaksdel for å halde framdrifta i planprosessen. Slik kommunedirektøren ser det er det uheldig at planprosessar drar for mykje ut i tid og det blir difor lagt opp til fasettsetting av planprogram og behandling av forslag til klima, energi og miljøplan som blir lagt fram for høyring og offentleg ettersyn. Våren 2023 var det lagt opp til brei medverknad i arbeidsgrupper, slik planprogrammet viser. Det vart gjennomført fleire møter internt i kommunen. Det har vore idemyldring med 8.trinn på Vågåmo ungdomsskule, utvida leiargruppe i kommunen og utvida arbeidsgruppe der det har vore jobba med tiltak til handlingsdelen. Det var også tenkt at dette skulle gjennomførast politisk, men når saka vart utsett i påvente av vedtak av den regionale planen for klima, energi og miljø til Innlandet fylkeskommune, har ikkje dette latt seg gjennomføre. Det er uheldig at det går lang tid frå dette medverknadsarbeidet vart gjennomført til planen blir lagt ut til høyring og offentleg ettersyn ettersom folk "gløymer" kva som vart gjort i arbeidsverkstadane. Det er difor nødvendig å samkøyre fastsetting av planprogram og høyring av planforslag i same prosess for å halde progresjon i planarbeidet. Kommunedirektøren ønskjer særleg attendemelding på

tiltaksdelen. Tiltaksdelen viser korleis kommunen vil følgje opp klima, energi og miljøplan. Det er tenkt at tiltaksdelen skal reviderast kvart 2. år.

Kommunedirektøren si innstilling:

Med heimel i plan- og bygningslova § 11-13, jf. § 4-1 blir framlagt planprogram for revisjon av kommunedelplan for klima, energi og miljø for Vågå kommune 2023-2031 fastsett.

Med heimel i plan- og bygningsloven § 11-14, jf. § 5,2 blir forslag til kommunedelplan for klima, energi og miljø for Vågå kommune 2023-2031 med tilhøyrande handlingsdel lagt ut til offentleg ettersyn og sendt på høyring i 8 veker.

Planen vil erstatte kommunedelplan for klima og energi, godkjent 08.02.2011, sak 5/11 Vågå kommunestyre.

Formannskapet si behandling av sak 11/2023 i møte den 16.03.2023:

Behandling

Samrøystes

Vedtak

Framlagt planprogram for revisjon av kommunedelplan for klima og energi for Vågå kommune 2023-2031 blir med heimel i plan- og bygningslova § 11-13 jf. § 4-1 fastsett.

Kommunestyret si behandling av sak 17/2023 i møte den 30.03.2023:

Behandling

Til kommunestyresak PS 20/2023 – "Revisjon av klima- og energiplan for Vågå kommune 2023–2031 – fastsetting av planprogram" vil Vågå SV fremje forslag om at saka blir utsett.

Grunngjeving:

Innlandet fylkeskommune sin regionale plan for klima, energi og miljø kjem til sluttbehandling i fylkestinget i juni, etter ei høyringsrunde med frist 10. mars.

Den regionale planen har som formål å vera ei *utviklingsavtale* mellom stat, fylkeskommune og kommunar, for å skape ein offensiv klima- og miljøpolitikk for Innlandet, og for at Innlandet skal ta ein leiande posisjon i det grønne skiftet. Det handlar om å forvalte naturressursane på ein berekraftig måte og skape nye arbeidsplassar.

Vågå SV meiner det vil vera ein styrke for planarbeidet vårt dersom vi tek opp til drøfting dei same satsingsområda som vi finn den regionale planen. Dette er

1. Innovasjon og næringsutvikling for grøn omstilling
2. Arealbruk
3. Redusere klimautslepp
4. Klimatilpasning
5. Natur- og kulturmiljø og naturmangfald
6. Omstilling til – og bruk av fornybar energi

I kommunedirektøren si saksutgreiing og i formannskapet sitt framlegg blir det vist til arealplanen når det gjeld spørsmål om arealbruk. Vi meiner at arealbruken også må ha omfattande omtale i denne planen. Det er viktig at vi brukar areala effektivt, slik at vi i minst mogleg grad bygger ned verdifull natur, matjord og friluftsområde. Heilheitleg planlegging av areala er også viktig for å redusere klimagassutslepp og negativ verknad på naturen.

Vi meiner dessutan at *miljøtiltak* må inn i planen vår, i tillegg til klima og energi. Desse tre tema er dels overlappende, og kan til dels også kome i konflikt med einannan.

Forslag frå Vågå SV v/Svein Holen:

Saka blir utsett. For at den ferdige planen skal vera eit nyttig verktøy på tvers av forvaltnings- og fagområde, må den ta opp til drøfting dei same satsingsområda som i Regional plan for klima, energi og miljø.

Forslaget frå SV vart vedteke med 10 mot 7 røyster (Harald Sve Bjørndal, Karola Wenzel, Hans Petter Vaberg, Øystein Bakke (BL), Turid Grimsbø Snerle, Rikard Odnos og Anders Gustav Bjørnsen (SP) - stemte i mot

Vedtak

Saka utsett

Kommunestyret si behandling av sak 58/2023 i møte den 28.09.2023:

Behandling

Samrøystes

Vedtak

Med heimel i plan- og bygningslova § 11-13, jf. § 4-1 blir framlagt planprogram for revisjon av kommunedelplan for klima, energi og miljø for Vågå kommune 2023-2031 fastsett.

Med heimel i plan- og bygningsloven § 11-14, jf. § 5,2 blir forslag til kommunedelplan for klima, energi og miljø for Vågå kommune 2023-2031 med tilhøyrande handlingsdel lagt ut til offentlig ettersyn og sendt på høyring i 8 veker.

Planen vil erstatte kommunedelplan for klima og energi, godkjent 08.02.2011, sak 5/11 Vågå kommunestyre.